

«mottakernavn»
«adresse»
«postnr» «poststed»

«kontakt»


Dato	15.04.2025
Vår referanse	2025/28953-6
Deres referanse	«ref»
Saksbehandler	Arlen Synnøve Bidne
E-post	Arlen.Synnove.Bidne@vlfk.no
Telefon	41530934

Vedtak om mellombels freding av Hotel Central/Villa Visnes gb.nr. 45/108 - Stryn kommune

Med heimel i kulturminnelova § 22 nr. 4, jf. § 15 gjer Vestland fylkeskommune fylgjande vedtak:

Hotel Central / Villa Visnes gnr. 45 bnr. 108 i Stryn kommune, (byggningsnummer 178575813) vert mellombels freda. Fredinga omfattar heile bygningen med eksteriør, hovudkonstruksjon og matsal (King Oscars hall).

Den mellombels freda bygningen er avmerka på kartutsnittet nedanfor.



Grunngeving for vedtaket

Hotel Central er ein trebygning i sveitserstil som vart ført opp i 1893/94. I 1896 vart siste byggetrinn ferdigstilt, og då fekk bygningen det karakteristiske tårnet. Byggherre var Olai Tenden som engasjerte arkitekten Hans Heinrich Jess til å teikne hotellet. Hotel Central er ein god representant for dei mellomstore trehotella på Vestlandet, som vart ført opp under den store byggeboomen for

turisthotell på slutten av 1800-talet. Hotellet var plassert tett på fjorden og omgjeven av ein hage. Bygningen var i 2 ½ etasje med hovudfasade mot fjorden. Karakteristisk for hotellet er den asymmetriske bygningskroppen sett saman av ulike volum, dei mange gavlane og det fireetasjes tårnet. Andre typiske kjenneteikn for turisthotella i sveitserstil som vi finn på Hotel Central er verandaane og konstruktive element som er framheva med utskoren dekor og måla i kontrastfarge. I tillegg har hotellet element frå drakestilen i form av drakehovuda i gavlane.

I turisthotella var fellesromma viktige og representative rom for gjestane. Desse romma var gjerne dei mest påkosta, med møblement og interiør som skulle stette krava til den europeiske overklassen. Matsalen var eit av dei største fellesromma og hadde gjerne ei vesentleg større takhøgde enn resten av hotellet. Av den grunn var den gjerne plassert i ein eigen fløy som stod vinkelrett på hotellet sitt hovudvolum. Turisthotella har gjennom åra hatt behov for fornying og oppgradering for å imøtekomme gjestane sine behov. Ei fylje av dette er at interiøret i mange av turisthotella frå slutten av 1800-talet har blitt endra i større eller mindre grad. Matsalen er av ein type rom som det i dag er svært få att av som ikkje har blitt endra.

På Hotel Central fekk matsalen namnet King Oscars hall og den var eit påkosta rom. Både tak og veggjar er kledd med mørkbeisa panel, og i taket er panelborda lagt i mønster. Dei konstruktive elementa i matsalen har fått utskoren dekor og nokon av dei er måla med sjablongdekor. Matsalen har ikkje gjennomgått store endringar sidan den var bygd, og er i dag eit usedvanleg godt bevart døme på trehotella sine matsalar frå slutten av 1800-talet. Interiøret har ei særskild høg grad av autentisitet og det er truleg vanskeleg å finne tilsvarende matsalar som er like godt bevart.

Vestland fylkeskommune har vurdert Hotel Central med eksteriør og matsal til å vere kulturminne av nasjonal interesse. Her er det særleg matsalen som skil seg ut som eit unikt enkeltelement i bygningen som det er viktig å bevare.

I 2013 gav Stryn kommune i vedtak av TS 067/13 løyve til å bygge om store delar av interiøret på Hotel Central til leilegheiter. I samband med denne ombygginga vart det presisert at matsalen ikkje skulle forandrast. I 2020 søkte eigar søkte Stryn kommune om bruksendring som omhandla ombygging av matsalen til bustad. Sektor utval for tekniske saker i Stryn kommune fatta i møte 04.06.2020, sak 050/20, vedtak om mellombels forbod mot tiltak på gb.nr. 45/108. I fylje vedtaket skulle det gjerast ei grundig vurdering av den antikvariske verdien og om det skal knytast føresegner til Villa Visnes innvendig i den pågåande områdereguleringa for Stryn sentrum. I fylje plan- og bygningslova § 13-2 har kommunen ein tidsfrist på 4 år frå vedtaket vert fatta til endeleg avklaring av planspørsmålet. Når fristen er ute skal kommunen ta stilling til opphavleg søknad.

Arbeidet med områderegulering for Stryn kommune har stoppa opp, og som ei fylje av dette har ikkje Stryn kommune kome lenger med å avklare verdien til matsalen. Det vart halde eit møte med Stryn kommune, eigar og fylkeskommunen 14.04.2024 der saka vart drøfta. Fylkeskommunen peika her på dei store kulturhistoriske verdiane i matsalen og at fylkeskommunen ville vurdere om det er aktuelt med ei mellombels freding for å sikre dei kulturhistoriske verdiane i bygget. Eigar vart oppmoda til å ta kontakt med fylkeskommunen for vidare rådgjeving, men har ikkje teke slik kontakt etter møtet. I den seinare tid har det vore fleire avisoppslag vedrørande ombygging, og fylkeskommunen er kontakta av andre som er bekymra for at matsalen no kan bli bygd om til leilegheit. På bakgrunn av dette, meiner fylkeskommunen at det er fare for at dei kulturhistoriske verdiane i matsalen går tapt.

Fredingsmynde

Det følgjer av kulturminnelova § 15 at det kan fattast vedtak om freding av byggverk og anlegg av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Etter kulturminnelova § 22. nr. 4 kan det fattast vedtak om mellombels freding inntil det er teke avgjerd i sak om endeleg freding. Mynde til å fatte slikt vedtak er delegert til Vestland fylkeskommune fastsett ved kgl.res 15. februar 2019 med seinare endringar, i Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven.

Konsekvensar av fredingsvedtaket

Vedtaket om mellombels freding inneber at bygningen ikkje kan bli rive, heilt eller delvis og at alle endringar og/eller inngrep utover vanleg vedlikehald skal godkjennast av Vestland fylkeskommune. Ein konsekvens av vedtaket er at matsalen ikkje kan endrast på eller byggast om til leilegheit utan løyve frå Vestland fylkeskommune.

Klagehøve

Vedtaket om mellombels freding kan påklagast til Riksantikvaren, jf. forvaltningslova § 28. Mogleg klage vert å stila til Riksantikvaren, men skal sendast til Vestland fylkeskommune innan tre veker frå dette brevet er motteke.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
direktør
kultur og folkehelse (KFO)

David J. Sandved
seksjonsleiar
KFO - kulturarv

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet underskrift

Mottakerliste

ARNE KRISTIAN VISNES BERGER	Sorgenfrigata 10A	0367	OSLO
PIOTR MOSIOLEK	Prestestegen 5	6783	STRYN
ESTELA VIDAL GONZALEZ	Prestestegen 5	6783	STRYN
KJELL-ASBJØRN HOLEN	Prestestegen 5	6783	STRYN
OLE MARTIN BØE	Buholmgata 4	6003	ÅLESUND
ISEHAUG KAFETERIA AS	Postboks 138	6781	STRYN
SIMEN LUNDEBREKKE EGGE	BJØRKEVEGEN 57	6783	STRYN
MICHAELA STEINBACHER-MARXER	C/O BIRGEIT LIEBE-VEIT	6799	OPPSTRYN
ELLYNOR DAGNY BRINGSVOR BRØRVIK	Stubbveien 2	3208	SANDEFJORD
KRISTIAN ELIAS HØIE BERGER	Prestestegen 5	6783	STRYN
SIMEN SANDBAKK	c/o Simen Sandbakk, Prestestegen 5	6783	STRYN
IVAR OLAI BERGE	Prestestegen 5	6783	STRYN

Kopi til:

RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
STRYN KOMMUNE	Tonningsgata 4	6783	STRYN